

**FOLKEHELSEOVERSYN
OSTERØY KOMMUNE**



27.04.2016

Innhald

.....	1
INNLEIING	4
1. BAKGRUNN OG LOVGRUNNLAG.....	4
2. INFORMASJON OM KJELDER OG STATISTIKK	5
3. STATISTIKK OG OVERSIKTER	6
3.1 BEFOLKNINGSSAMANSETNAD.....	7
3.1.1 TAL INNBYGGJARAR.....	7
3.1.2 UTVIKLINGSTENDENSAR I FORHOLD TIL BUSETJING:	7
3.1.3 FLYTTING.....	8
3.1.4 DEL FØDTE / FØDSELSEOVERSKOT:	9
3.3.5 DEL PERSONAR SOM BUR ALEINE/ EINEFORSØRGJARAR:	9
3.3.6 BEFOLKNING I YRKESAKTIV ALDER (i prosent)	11
3.3.7 DEL INVANDRARAR PÅ OSTERØY	11
3.1.8 FRAMSKREVEN FOLKEMENGD:	12
3.3.9 KJØNNBALANSE – INDIKATORAR FOR KJØNNSLIKESTILLING	13
3.2 LEVEKÅR.....	15
3.2.1 ØKONOMI	16
3.2.2 UTDANNING	17
3.2.3 ARBEID.....	18
3.2.4 FRÅVÆR ARBEID	20
3.2.5 UFØRETRYGDA	20
3.2.6 SOSIALHJELPSMOTTAKARAR	21
3.3 MILJØ	22
3.3.1 NATUR	22
3.3.2 VASSFORSYNING.....	22
3.3.3 FRITIDSORGANISASJONAR.....	23
3.3.4 PLAGA AV EINSEMND	23
3.3.5 LOKALMILJØ.....	23
3.4 SKULE.....	25
3.4.1 TRIVSEL I 7. KLASSE OG 10. KLASSE	25
3.4.2 MOBBING	26

3.4.3 LESEFERDIGHEIT	27
3.4.4 REKNING	29
3.4.5 FRÅFALL I VIDAREGÅANDE SKULE	30
3.5 LEVEVANAR	32
3.5.1 FYSISK INAKTIVE	32
3.5.2 OVERVEKT	32
3.5.3 ALKOHOL OG RUS	33
3.5.4 RØYKING	34
3.6 HELSE OG SJUKDOM	36
.....	36
3.6.1 LEVEALDER	37
3.6.2 PSYKISK HELSE	37
3.6.3 KREFT	40
3.6.4 HJERTE OG KAR	41
3.6.5 DIABETES	45
3.6.6 KOLS	45
3.6.7 MUSKEL OG SKJELETT	46
3.6.8 SKADAR	49
3.6.9 DØDLIGHET HENDINGAR:	50
3.6.10 FØDSELSVEKT	51
3.6.11 VAKSINASJONSDEKNING	51
3.6.12 TANNHELSE	52
3.7 SAMFERDSEL	53
3.7.1 MJUK TRAFFIKANT PÅ OSTERØY	53
3.7.2 KOLLEKTIVTRANSPORT	53
3.7.3 TAL REGISTRERTE KJØRETY	53
3.7.4 PENDLING	54
3.7.5 TRAFIKKSIKRING	54
4.0 RISIKOINDEKS FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE	55
5.0 AVSLUTNING	56
6.0 LITTERATUR:	57

INNLEIING

Formannskapet gjorde vedtak 02.09.2015 om oppstart av arbeid for utarbeiding av folkehelseoversyn. Rapporten er utarbeidd av folkehelsekoordinator Kristin Ruud Myking på vegne av rådmannen. Folkehelseoversyn for Osterøy kommune blei vedtatt av Heradstyret 27.04.2016. Ved spørsmål, ta kontakt med folkehelsekoordinator på tlf 56 19 21 00 eller e-post: kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no

1. BAKGRUNN OG LOVGRUNNLAG

God forvaltning av befolkninga si helse er ei føresetnad for berekraftig utvikling. I dag er folkehelsearbeid retta mot eit påverknadsperspektiv med merksemd mot bakanforliggende faktorar som påverkar levevanar og helse meir enn eit perspektiv på levevanar. Gjennom folkehelsearbeid har kommunane ein unik moglegheit til å påverke befolkninga si helse i ein meir rettferdig og positiv retning.

Lov av 24. juni 2011 om folkehelsearbeid er eit naudsynt verkty for å realisera Samhandlingsreforma. Folkehelselova skal leggje til rette for eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid og har som mål å fremje god og rettferdig fordeling av helse. Kommunen skal fremje befolkninga si helse innan dei oppgåver og med dei verkemidla kommunen er tillagt.


§5 i folkehelselova pålegg kommunen å ha ei skriftleg oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar:

- a) folkesamansetnad
- b) oppvekst- og levekår
- c) fysisk-, biologisk-, kjemisk- og sosialt miljø
- d) skadar og ulukker
- e) helsereelatert åtferd
- f) helsetilstand

Utfordringsbiletet skal leggest til grunn for mål og strategiar for folkehelsearbeidet, som igjen skal forankrast i planprosessar etter plan- og bygningslova. Kommunane skal leggja til rette for eit målretta og systematisk folkehelsearbeid basert på lokale folkehelseutfordringar. Forskrift av 28. juni 2012 om oversikt over folkehelsa regulerer nærare oversiktsarbeidet etter lova om folkehelsearbeid §5.

Kommunen si tiltaksplikt i folkehelselova er direkte knytt til oversikta med identifiserte utfordringar. Dette kan mellom anna omfatte tiltak knytt til forhold rundt oppvekst- og levekår som bustad, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljø. Levevanar, skadar ulukker osv.

Dette oversiktsdokumentet vil være ein del av kunnskapsgrunnlaget og utgangspunktet for det moderne folkehelsearbeidet i Osterøy kommune. Spesielt er kunnskap om påverknadsfaktorar/årsaksforhold viktig som grunnlag for planstrategiar og folkehelseiltak. Oversikta skal gje det faglege grunnlaget for politiske vurderingar.



Modellen er basert på den sosiale helsemodellen Dahlgren og Whitehead presenterte i 1991 som viser dei sentrale arenaer og lag av påverknadsfaktorar (Modell frå fylkesmannen i Oppland).

2. INFORMASJON OM KJELDER OG STATISTIKK

Folkehelselova legg fram nokre kjelder til kunnskap som skal nyttast i oversikta:

- a) Opplysningar som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg.
- b) Kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- c) Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og samfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse.

Nasjonalt folkehelseinstitutt sender årleg ut folkehelseprofilar til alle kommunar. Desse inneheld fortolka statistikk på kommunenivå og skal inngå som ein del av den lovpålagte oversikta. Profilane viser hovudtrekk i kommunen si folkehelse, nøkkeltal for folkehelse samanlikna med landssnittet, og eit kommunebarometer som peikar på hovudutfordringar for kommunen.

Faktagrunnlaget i denne oversikta består av ulike typar data, både kvantitative og kvalitative data. Opplysningar frå statlege helsemyndigheter vil i all hovudsak innehalda kvantitative data som er særleg egna for å sjå på hovudtrekk, trendar og utvikling over tid.

På alle tema er det tatt sikte på å beskrive status/utvikling på kommunenivå. Der dette ikkje lar seg gjere er teksten basert på nasjonale undersøkingar.

I tillegg til nemnde kjelder er det henta inn lokal informasjon i eigen kommune.

Hovudkjelder:

- FHI - Folkehelseprofil Osterøy kommune 2015
- FHI - Kommunehelse statistikkbank
- SSB
- Statistikk i vest
- Lokale kjelder

3. STATISTIKK OG OVERSIKTER

FARGEKODAR:

Det ligg mykje statistikk i ein folkehelse rapport. For at den skal bli lettare å lese er det vald å bruke fargekodar frå raudt – oransje/gult – grønt. Raudt indikerer at tilstanden ikkje er bra samanlikna med Hordaland og landet elles, medan grønt indikerer at den er god samanlikna med Hordaland og landet elles. For å sjå på utvikling er det vald å gå tilbake opp til 15-20 år for å sjå på endringar over tid både for Osterøy, men og for Hordaland og landet elles. Bak fargekodane ligg tala slik at ein sjølv kan vurdere og samanlikne på eit grundigare grunnlag.

DIGITAL LESING AV DOKUMENTET:

Dersom ein les dokumentet digitalt er det lagt inn hyperkoplingar slik at ein raskt kan finne statistikk som er aktuell for fleire område ved å klikke på koplinga. Spesielt i samandraga er det aktuelt å bruke denne metoden for raskt å gå til den delen du som lesar ynskjer å lese meir om

3.1 BEFOLKNINGSSAMANSETNAD

Befolkninga si samansetnad og fordeling i forhold til alder, kjønn, befolkningsgrupper og busetnad vil mellom anna danne grunnlag for planlegging av framtidige tenestebehov og kva omsyn som bør ivaretakast.

SAMANDRAG BEFOLKNINGSSAMANSETNAD

- [INNBYGGJARAR](#): Det har vore auke i tal innbyggjarar dei siste åra.
- [UTVIKLINGSTENDENSAR BUSETJING](#): Folkeveksten er størst i dei sentrale bygdene Lonevåg, Valestrand og Hauge. Fotlandsvåg, Hamre, Hjelvik, Raknes og Haus har ei noko vekst i innbyggjartal. Det er negativ folkevekst i Bruvik, Tysse og Hosanger.
- [FØDSELSTAL/ FLYTTING](#): Folkeveksten er på bakgrunn av eit positivt fødselsoverskot og innflytting. Innflytting står for hovuddelen av tilveksten.
- [ÅLEINEBUANDE](#): Tal åleinebuande og tal personar som er åleineforsørgjande er lågare enn Hordaland og landet elles.
- [INNVARNDRARAR](#): Av innflyttarar frå utlandet kjem 82 % frå Europa.
- [FRAMSKRIVING](#): Det vil kome ein nedgang i del personar i yrkesaktiv alder, medan det vil vera auke i del personar under 19 år og over 67 år i tida fram til 2030. I 2030 vil det vera 247 fleire born i alder 1 – 5 år. I 2030 vil det vera trong for 404 fleire skuleplassar enn det er i 2016 (Med middels vekst). Det er forventa folkevekst i kommunen med inntil 1 % i året til 2035
- [KJØNNBALANSE](#): Det er noko dreid kjønnsbalanse i kommunen.

3.1.1 TAL INNBYGGJARAR

STATUS:

Utvikling i folkemengd på Osterøy sidan 2006. Det har vore gradvis auke i folketal dei siste åra.

Folketal	2006	2010	2013	2014	2015
1253					
Osterøy	7186	7434	7695	7786	7906

SSB 10.02.16

3.1.2 UTVIKLINGSTENDENSAR I FORHOLD TIL BUSETJING:


Lonevåg er kommunesenter, elles har øya fire områdesenter, Fotlandsvåg, Hauge, Haus og Valestrand. I tillegg er det fleire bygder utanom desse sentra som vist på kartet. Det skjer ei fortetting i områda Valestrand, Lonevåg og Haus. Denne dreinga av busetting vil verke inn på ulike tenestetilbod/fritidstilbod i dei ulike delane av kommunen. Det vil seie at nokre innbyggjarar vil få lengre avstandar til teneste- og fritidstilbod.

Lonevåg er skulesenter, dei andre områdesentra har barneskule og barnehage. I tillegg ligg det private barneskular på Hosanger og Hamre. I 2013 blei det starta privat ungdomsskule på Valestrand. Hausten 2016 er det oppstart av ny privat barneskule på Hjellvik.

TAL BUSETTE OSTERØY / TETTSTADAR PÅ OSTERØY:

	2005	2010	2012	2013	2014	2015	Endring +/-
Osterøy	7207	7421	7521	7674	7786	7842	635
BRUVIK	482	454	438	437	469	470	-12
HAUS	1124	1113	1133	1137	1123	1143	19
LONEVÅG	1547	1664	1685	1723	1721	1733	186
HAUGE	650	674	710	757	814	825	175
VALESTRAND	1259	1383	1424	1439	1443	1488	229
HAMRE	324	322	330	332	348	343	19
HJELLVIK	265	292	286	286	286	281	16
RAKNES	127	146	145	150	162	168	41
HOSANGER	565	534	552	563	550	548	-17
FOTLANDSVÅG	401	421	421	433	452	430	29
TYSSE	433	414	394	405	403	403	-30

(Hordaland fylkeskommune)



3.1.3 FLYTTING

Arbeidsmarknad eller nærleik til arbeidsmarknad styrer i stor grad om ein kommune har tilflytting eller fråflytting. Osterøy har ein positiv tilflyttingsbalanse. Osterøy ligg nær Bergen og det gjer kommunen til ein aktuell bustadkommune og for dei som arbeider i Bergen eller andre

omlandskommunar. Tala for pendling viser at mange bur på Osterøy, men arbeider i andre kommunar- kommunen har stor negativ pendlarbalanse omlag 30%.

Tal personar:

Osterøy	2010	2013	2014
Innflytting	312	359	326
Utflytting	261	274	285

SSB 10.02.2016

3.1.4 DEL FØDTE / FØDSELSEOVERSKOT:

Det har sidan 2012 vore fødselsoverskot i Osterøy kommune. Målt pr 1000 innbyggjar ligg Osterøy likt med Hordaland og noko over landet i tal fødte. Sidan 90 talet har del kvinner pr 100 menn låge på mellom 94 -96. Det betyr at det er høgare del menn enn kvinner på Osterøy.

Tal kvinner mellom 20 - 40 år vil etter middels framskriving auke frå 2020 og opp mot 2030 på Osterøy(Statistikk i Vest). Dette vil kunne gje auke i tal barn frå 2020. Tal eldre vil auke i same periode.

TAL FØDDE:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
1253						
Osterøy	89	64	77	100	97	83

FHI 10.02.2016

FØDSELSEOVERSKOT (tal):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
1253						
Osterøy	26	-7	-11	29	28	14

SSB 10.02.2016

3.3.5 DEL PERSONAR SOM BUR ALEINE/ EINEFORSØRGJARAR:

Åleinebuande og åleine forsørgjarar er i følgje statistikkane ei utsett gruppe både økonomisk, helsemessig og sosialt. Osterøy har lågt tal personar som bur aleine eller er eineforsørgjarar i forhold til Hordaland og landet elles. Det er sannsynleg at tal einslige vil auke med auka tal eldre. Med auka tal einslege vil dei sosiale relasjonane endra seg. Dette kan gje auka krav til helse- og omsorgstenester framover og ein må planleggja for eventuelt endra buformer.

DEL PERSONAR SOM BUR ÅLEINE 45 ÅR + (I prosent)

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Geografi						
Heile landet	25,9	25,8	25,8	25,6	25,6	25,6
Hordaland	24,6	24,6	24,6	24,4	24,4	24,3
Osterøy	20,4	20,5	20,3	20,4	20,9	20,8

FHI 10.02.2016

EINEFORSØRGJARAR UNDER 45 ÅR (I prosent)

År	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012	2011-2013	2012-2014
Geografi						
Heile landet	19	19	18,9	18,5	18	17,5
Hordaland	17,7	17,5	17,3	16,9	16,4	16
Osterøy	14,3	14,5	14,2	14,3	14,2	14,2

FHI 10.02.2016

BORN AV EINEFORSØRGJARAR (i prosent):

År	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012	2011-2013	2012-2014
Geografi						
hele landet	15,9	15,9	15,9	15,7	15,5	15,2
Hordaland	14,6	14,5	14,4	14,1	13,8	13,6
Osterøy	11,8	12,2	12,2	12,5	12,2	12,2

FAMILIETYPAR

Måltal	Prosent av alle familiar			
Region	FAMILIETYPE	2005	2010	2014
Osterøy	Alle familiar	100	100	100
	Einpersonfamilie	33	33,9	35,6
	Par utan barn	22,2	23,5	24,2
	Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	13,5	11,6	11,3
	Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	15,1	14,2	14,1
	Par med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)	8,9	8,2	6,6
	Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)	1,4	1,5	1,5
	Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)	2,9	4	4
	Mor/far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)	3	3,1	2,8
	Andre familiar	0	0	0

STATISTIKK I VEST 02.02.2016

3.3.6 BEFOLKNING I YRKESAKTIV ALDER (i prosent)

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Geografi							
hele landet	66,8	66,9	67	67	67	66,9	66,7
Hordaland	66,4	66,5	66,8	66,8	67	66,9	66,8
Osterøy	63,7	64	64,2	64,6	64,7	64,7	64,3

FHI 10.02.2016

3.3.7 DEL INVANDRARAR PÅ OSTERØY

Det har dei seinare åra vore aukande del innvandrarak på Osterøy, dei fleste kjem frå Europa. I 2015 var 9,1 % av innbyggjarane innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre. Dette ligg under snittet for Hordaland som er 13,2 % og landet elles 15,6 %. Det er venta at delen innvandrarak aukar på Osterøy, mellom anna på grunn av vedtak om busetjing av flyktningar frå 2014 og nytt vedtak i 2016. Dette har og vil påverke tenestene. Barnehage og skule får auka del framandspråklege, vaksenopplæringa får auka del som har rett til introduksjonsprogram og ein vil få auke i tal framandspråklege arbeidssøkarar. Andre felt som helse og teknisk vil og måtte ta høgde for nye arbeidsoppgåver som følgje av busetjing av flyktningar.

DEL INVANDRARAR PÅ OSTERØY I PROSENT

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Geografi							
Heile landet	10,6	11,4	12,2	13,1	14,1	14,9	15,6
Hordaland	8,1	8,9	9,8	10,6	11,6	12,5	13,2
Osterøy	4,8	5,2	6	6,7	7,5	8,3	9,1

FHI 16.02.2016

TAL INNVANDRARAR OG NORSKFØDDE MED INVANDRARFORELDRE I PROSENT

År		2009	2010	2011	2012	2013	2014
Geografi	Landbakgrunn						
Osterøy	totalt	4,8	5,2	6	6,7	7,5	8,3
	Europa uten Tyrkia	3,7	4,1	4,8	5,4	6,1	6,7
	Afrika	0,1	0,1	0,1	0,1	0,2	0,2
	Asia med Tyrkia	0,7	0,8	0,8	0,9	1	1
	Nord-Amerika	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1
	Sør- og Mellom-Amerika	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,3
	Oseania	0	0	0	0	0	0

FHI 10.02.2016

3.1.8 FRAMSKREVEN FOLKEMENGD:

Framskrivningar i befolkningsmengd kan tene mange føremål og fungera som eit nyttig verkty for planlegging i kommunen.

Tabellane under viser framskrivning for låg vekst, middels vekst og høg vekst i folketal. Den siste tabellen syner framskrivning med kortare intervall i alder for å syne endringar innan aldersgrupper.

Låg nasjonal vekst (Alternativ LLML):

Framskreven folkemengd småbarn - barn - ungdom - yrkesaktiv - pensjonist					
		2016	2020	2030	2040
1253 Osterøy	0-5 år	600	708	730	721
	6-15 år	1065	1064	1307	1311
	16-66 år	5092	5375	5780	6129
	67 år eller eldre	916	1314	1536	1763

SSB 10.02.2016

Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM):

Framskreven folkemengd småbarn - barn - ungdom - yrkesaktiv - pensjonist					
		2016	2020	2030	2040
1253 Osterøy	0-5 år	600	780	847	853
	6-15 år	1065	1069	1469	1527
	16-66 år	5092	5425	5937	6534
	67 år eller eldre	916	1355	1671	2012

SSB 10.02.2016

Høg nasjonal vekst (Alternativ HHMH):

Framskreven folkemengd småbarn - barn - ungdom - yrkesaktiv - pensjonist					
		2016	2020	2030	2040
1253 Osterøy	0-5 år	600	851	999	1077
	6-15 år	1065	1081	1661	1855
	16-66 år	5092	5485	6183	7240
	67 år eller eldre	916	1381	1776	2242

SSB 10.02.2016

Framskreven folkemengd						
Middels vekst utg pkt 2014		2016	2020	2025	2030	2040
Osterøy	Alder					
	alle aldre		8629	9303	9924	10926
	0-14 år	1547	1745	1994	2180	2222
	15-24 år	1074	1081	1045	1089	1399
	25-44 år	2016	2222	2432	2522	2497
	45-64 år	1946	2057	2123	2258	2561

	65-74 år	770	878	888	912	1066
	75-79 år	183	260	395	382	411
	80 år+	379	386	426	581	770

FHI 10.02.2016

3.3.9 KJØNNBALANSE – INDIKATORAR FOR KJØNNSLIKESTILLING

Indikatorane samla viser noko dreid kjønnsbalanse på Osterøy i forhold til kommunar som ligg i Nordhordland og Bergen. Bakanforliggende årsakar kan ligga i kultur, men og i struktur som arbeidsplassdekning og næringsstruktur.

Over 80 % av kvinnene arbeider i offentleg sektor og over 40% arbeider deltid. Nær 70% av menn arbeider i privatsektor og omlag 11% menn arbeider deltid. Osterøy ligg saman med Radøy lågt i tal born som nyttar barnehage samanlikna med Lindås, Meland og Bergen. Det er høgare del kvinner som har tatt høgare utdanning enn menn.

2013	Osterøy	Radøy	Lindås	Meland	Bergen
Del barn 1-5 år i barnehage (prosent)	84,4	83,5	93,3	93,4	90,9
Del menn blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	70,4	52	58,1	59,3	56,7
Del kvinner blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	29,6	48	41,9	40,7	43,3
Del menn med høgare utdanning (prosent)	13	13	17,9	19	34,3
Del kvinner med høgare utdanning (prosent)	21,7	22,2	26	28,4	38,9
Del menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	84,5	83	84,9	83,6	83,2
Del kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	76,9	77,6	76,9	78,1	78,4
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn (kr)	454500	470000	512900	504300	515900
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner (kr)	288200	290400	312700	306300	339600
Del sysselsette menn (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	10,9	13,1	10	10,3	14,9
Del sysselsette kvinner (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	43,8	41,8	37,1	38	32,1
Del ferde som tar heile fedrekvoten eller meir av foreldrepengeperioden	66	59,8	68,3	72,9	70,3
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,49	0,48	0,52	0,52	0,65
Del menn blant sysselsette	18,9	18,8	25,4	25,9	34,2

(20-66 år) i offentlig sektor (prosent)					
Del kvinner blant sysselsette (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	81,1	81,2	74,6	74,1	65,8
Del menn blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	68,9	71,3	65,5	63,9	60,9
Del kvinner blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	31,1	28,7	34,5	36,1	39,1
Del menn blant leiarar (20-66 år) (prosent)	66,4	65,1	63,9	73,7	64,7
Del kvinner blant leiarar (20-66 år) (prosent)	33,6	34,9	36,1	26,3	35,3
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på vidaregåande skule (skår)	0,57	0,52	0,55	0,57	0,7

SSB 16.02.2016

3.2 LEVEKÅR

Levekår har stor påverknad for helse. Folkehelseoversynet vurderer økonomi, utdanning, arbeid, arbeidsløyse, mottakarar av sosialhjelp og uføretrygda i dette kapitlet.

Inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse. Lik fordeling av økonomiske ressursar påverkar antakeleg samfunnsmessige forhold positivt. Ein kan anta at stor ulikheit i økonomi i eit samfunn kan leie til auka kriminalitet, kulturelle forskjellar og politiske konflikter mellom ulike grupper i samfunnet. I ein kommune kan store forskjellar i inntekt være ei peikepinn på at det og er store sosiale helseforskjellar i kommunen. Dei siste 30 åra har alle inntektsgrupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. Til dømes har denne gruppa høgare forventa levealder enn personar med kortare utdanning og lågare inntekt. Særlig dei siste ti åra har helseforskjellen auka, det gjeld både fysisk og psykisk helse, og både born og vaksne. Utjamning av sosiale helseforskjellar er ei viktig målsetting i folkehelsearbeidet. (NOU 2009: 10. Fordelingsutvalget: Finansdepartementet 2009.)

SAMANDRAG LEVEKÅR

- **ØKONOMI:** Osterøy har høgare medianinntekt enn Hordaland og landet elles. Det er lågare del hushaldningar med låg inntekt og lågare grad av inntektsulikheit enn landet elles. Det er færre som bur åleine og har eineforsørgjar ansvar enn Hordaland og landet elles.
- **UTDANNING:** Osterøy har lågt utdanningsnivå. Men tal personar med høgare utdanningsnivå er aukande, dette gjeld spesielt jenter. Osterøy Vidaregåande har betre gjennomføringsprosent og karakternivå enn Hordaland og Landet elles.
- Rundt 30 % av arbeidsstokken arbeidspendlar ut av kommunen og kommunen har stor negativ pendlingsbalanse.
- **OMSTILLING:** Omstillingsindikatorane syner at kommunen er utsatt i forhold til utdanningsnivå, kommunen ligg høgt i samband med konkuransetsette næringar og forsørgjarbyrde.
- **ARBEIDSLØYSE:** Ved utgongen av 2015 var det 2,4 % registrerte arbeidsledige i kommunen
- **SYSSELSETTE:** Offentleg helse- og omsorg er største sysselsetjar (25%) med industri (24%) og bygg og anlegg (16%) som dei to nest største.
- **SJUKEFRÅVÆR:** Sjukefråværet låg i 3 kvartal 2015 på 3,5 % for menn, dette er under snittet for landet. For kvinner låg fråværet på 7,2 % dette er høgare enn snittet for landet.
- **UFØRETRYGDA:** Del uføretrygda i aldersgruppa 18 – 44 år ligg under snittet for Hordaland og landet elles. I alder 44 – 66 år ligg Osterøy over Hordaland og under landet elles i tal uføretrygda.
- **SOSIALHJELPSMOTTAKARAR:** Osterøy har lågare del av befolkning mellom 25 – 66 år som mottok sosialhjelp enn Hordaland og landet elles, men høgare del av befolkninga mellom 18 – 24 år som mottok sosialhjelp. For begge grupper er det aukande grad av mottakarar av sosialhjelp, dette er motsatt av trenden i Hordaland og landet elles.

3.2.1 ØKONOMI

På Osterøy ligg medianverdien høgare enn Hordaland og landet elles. Det er lågare tal hushaldningar med låg inntekt og det er lågare grad av inntektsulikheit enn Hordland og landet elles. Samtidig har Osterøy færre som bur åleine og færre som har eineforsørgaransvar. Sjølv om Osterøy har betre tal enn Hordaland og landet elles betyr det ikkje at me ikkje skal prioritera dette området. Det er eit særst viktig område då det er eit av dei store grunnlaga for god helse i befolkninga.

3.2.1.1 MEDIANINNTTEKT

I statistikk er medianen den verdien av ein variabel (til dømes lønn) som ligg midt i det statistiske materialet, det vil sei at like mange individ i materialet har verdi over medianen som under den.

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Geografi						
hele landet	392000	397000	411000	431000	446000	465000
Hordaland	406000	413000	427000	449000	464000	488000
Osterøy	440000	443000	454000	471000	487000	500000

FHI 10.02.2016

3.2.1.2 LÅGINNTEKTSHUSHALDNINGAR

Personar i hushaldningar med inntekt under henholdsvis 50 % og 60 % av nasjonal medianinntekt, beregnet etter EU-skala . EU-skala er ein ekvivalensskala som nyttast for å kunne samanlikna hushaldningar av forskjellig størrelse og samansetning.

Låginntekt (hushaldningar) - 60% av
nasjonal medianinntekt EU-skala

I prosent

		2009	2010	2011	2012	2013
Heile landet	alle aldre	9,5	9,4	9,6	10,1	10,5
Hordaland	alle aldre	8,4	8,4	8,6	9	9,2
Osterøy	alle aldre	8,5	8,4	7,6	8,1	7,9
Heile landet	0-17 år	8,9	9	9,5	10,2	11
Hordaland	0-17 år	7,2	7,3	7,8	8,4	9
Osterøy	0-17 år	8,8	8,5	9	8	8,2

3.2.1.3 INNTEKTSULIKHET

MÅLTAL: P90/P10

År	2009	2010	2011	2012	2013
Geografi					
hele landet	2,6	2,6	2,7	2,7	2,7
Hordaland	2,6	2,6	2,6	2,6	2,7
Osterøy	2,3	2,3	2,3	2,3	2,3

FHI 10.02.2016

FORKLARING P90/P10:

P90/P10 er forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen (engelsk: percentile). Dette er inntekta til den som har den 90 % høgaste inntekta i befolkninga samanlikna med den som har den 10 % lågaste inntekta. Sagt på ein anna måte: Om ein sorterer 100 personar stigande etter inntekt, er P90/P10 forholdet mellom inntektene til person nummer 90 (den tiande høgaste) og person nummer 10 (den tiande lågaste).

3.2.2 UTDANNING

Det er dokumentert samanheng mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse (NOU 2009:10). Osterøy har eit relativt lågt utdanningsnivå samanlikna med Hordaland og landet elles. Når det gjeld Osterøy isolert viser statistikken positive endringar. Tal personar mellom 30 -39 år som har høgskule/universitet som høgaste fullførte utdanningsnivå aukar. Spesielt jenter har auka sitt utdanningsnivå. Årsaka til lågt utdanningsnivå ligg antakeleg tilbake i tid då dette har samanheng med arbeidsmarknad. Det har tradisjonelt sett ikkje vore naudsynt med denne type utdanning i arbeidslivet på Osterøy. Dette er i endring og ein ser at fleire tek utdanning ut over grunnskule. Osterøy har hatt gode tal i forhold til gjennomføring på vidaregåande dei siste åra og det har vore eit høgt karaktersnitt på dei som har gjennomført. Osterøy vidaregåande viser god tilnærming til lokalsamfunnet ved å tilby utdanning som er aktuell for bedriftene på Osterøy.

HØGASTE FULLFØRTE UTDANNINGSNIVÅ 30 -39 ÅR (I prosent)

		2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Heile landet	grunnskule	17	16,8	16,8	16,7	16,7	16,9	17,2
Hordaland	grunnskule	15,1	14,8	14,8	14,6	14,4	14,6	14,8
Osterøy	grunnskule	22,1	21,5	20,4	20	20,8	19,6	19,6

Heile landet	vidaregåande	41,8	40,9	39,9	38,9	37,9	36,8	35,9
Hordaland	vidaregåande	42,4	41,4	40,3	39,2	38,4	37,4	36,6
Osterøy	vidaregåande	56,4	56,6	57	56,1	53,7	53,9	53,3


Heile landet	universitet/ høgskule	41,2	42,3	43,3	44,4	45,3	46,2	46,9
Hordaland	universitet/ høgskule	42,5	43,7	45	46,3	47,2	48	48,6
Osterøy	universitet/ høgskule	21,5	21,9	22,6	23,9	25,5	26,5	27,1

FHI 10.02.2016

3.2.3 ARBEID

3.2.3.1 ARBEIDSPLOSSAR

Største delen av arbeidsplassar for sysselsette på Osterøy ligg i privat sektor og offentlege føretak. Kvinner er høgare representert i kommunal sektor, medan menn er høgst representert i privat sektor. Dette syner ein i kapitlet 3.3.8 om kjønnsbalanse.



3.2.3.2 ARBEIDSLØYSE

Arbeidsledige er anteken å være ei utsatt gruppe økonomisk, helsemessig og sosialt. Osterøy ligg under landet og over Hordaland i arbeidsløyse i 2014. Det har dei siste tre år vore stigande tal i arbeidsløyse. Det er grunn til å tru at arbeidsløysa vil stige på Osterøy framover, på grunn av endringar nasjonalt.

I PROSENT

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Geografi						
hele landet	2,4	3	2,9	2,5	2,5	2,7
Hordaland	2,1	2,7	2,6	2,2	1,9	2,1
Osterøy	2,3	2,8	2,4	1,6	2	2,4

FHI 10.02.2016

3.2.3.3 OMSTILLINGSINDIKATORAR

Tala under viser i kor stor grad kommunen kan omstilla seg ved endra arbeidsmarknad.

Tid		2008	2013	2014
Geografi	Indikator			
Hordaland	Arbeidsmarknadsintegrasjon	0,14	0,14	0,14
Osterøy	Arbeidsmarknadsintegrasjon	0,58	0,62	0,61
Meland	Arbeidsmarknadsintegrasjon	1,02	1,05	1,06
Hordaland	Arbeidsledige	0,013	0,016	0,018
Osterøy	Arbeidsledige	0,01	0,018	0,016
Meland	Arbeidsledige	0,012	0,018	0,024
Hordaland	Arbeidsledig ungdom	0,015	0,02	0,02
Osterøy	Arbeidsledig ungdom	0,015	0,02	0,021
Meland	Arbeidsledig ungdom	0,015	0,023	0,032
Hordaland	Einsidig næringsstruktur	0,07	0,07	0,07
Osterøy	Einsidig næringsstruktur	0,12	0,13	0,13
Meland	Einsidig næringsstruktur	0,12	0,13	0,14
Hordaland	Einsidig næringsstruktur u/kommunal sektor	0,04	0,04	0,04
Osterøy	Einsidig næringsstruktur u/kommunal sektor	0,05	0,04	0,05
Meland	Einsidig næringsstruktur u/kommunal sektor	0,06	0,07	0,08
Hordaland	Konkurransetsette næringar	0,1	0,09	0,09
Osterøy	Konkurransetsette næringar	0,2	0,16	0,16
Meland	Konkurransetsette næringar	0,32	0,27	0,28
Hordaland	Naturbaserte næringar	0,04	0,04	0,03
Osterøy	Naturbaserte næringar	0,1	0,1	0,11
Meland	Naturbaserte næringar	0,04	0,03	0,03
Hordaland	Offentlege arbeidsplassar	0,27	0,28	0,28
Osterøy	Offentlege arbeidsplassar	0,28	0,32	0,3
Meland	Offentlege arbeidsplassar	0,26	0,26	0,27
Hordaland	Høgare utdanning	-	0,3	0,31
Osterøy	Høgare utdanning	-	0,17	0,18
Meland	Høgare utdanning	-	0,24	0,25
Hordaland	Forsørgingsbyrde	0,514	0,515	0,516
Osterøy	Forsørgingsbyrde	0,569	0,569	0,584
Meland	Forsørgingsbyrde	0,512	0,537	0,552
Hordaland	Forsørgingsbyrde utan barn	0,216	0,23	0,234
Osterøy	Forsørgingsbyrde utan barn	0,247	0,265	0,275
Meland	Forsørgingsbyrde utan barn	0,166	0,183	0,197

3.2.4 FRÅVÆR ARBEID

3.2.4.1 SJUKEFRÅVÆR

SJUKEFRÅVÆR

MENN:	2007K4	2011K4	2012K4	2013K4	2014K4	2015 K3
Heile landet	4,5	4,1	4,2	4,1	4	4
Hordaland	4,5	4,2	4,2	4	4,2	:
Osterøy	5,2	5,2	4,3	3,8	4,5	3,5
KVINNER:						
Heile landet	7,5	7,1	7,3	7	7,1	6,9
Hordaland	7,8	7,4	7,6	7,1	7,4	:
Osterøy	8,3	8,9	8,9	6,8	7,7	7,2

3.2.4.2 BRUK AV GRADERT SJUKEMELDING

Gradert sjukemelding er ei delvis sjukemelding der uføregraden seier kor mykje personen er sjukemeldt. Dersom ein person er 60% sjukemeldt vil arbeidstakaren utføre 40% av sitt vanlege arbeid/evt delvis får nye oppgåver.

GRADERTE SJUKEMELDINGAR I PROSENT

Heile landet	16,8	17	17,8	18,9	20,7
Hordaland	15	15,1	15,9	16,7	18,4
Osterøy	13	12,7	14	14,4	16,2

Gradering av sjukemeldingar blir sett på som hensiktsmessig for å oppretthalda kontakten med arbeidsplassen for å hindre at ein fell utanom arbeidslivet. Det er anteken at langvarige passive trygdeytningar ikkje er gunstig for helse. I nokon tilfelle kan det utgjere ei risiko på sikt å komme for tidlig tilbake i jobb. Ein kan få ei «innlåsnings-effekt» som inneber at innsatsen for å komme tilbake i full jobb reduserast og at terskelen for å få sjukemelding blir senka (Arbeid og velferd nr 3. 2011).

Langtidssjukemeldingar blir i større grad gradert enn korttidssjukemeldingar. Bruk av graderte sjukemeldingar bør sjåast i samanheng med del langtidssjukemeldingar. Det kan være slik at graderte sjukemeldingar blir nytta der friskmelding kunne vore aktuelt og på denne måten kan graderte sjukemeldingar auke det totale sjukefråværet.

Bruk av gradert sjukemelding er høgast for kvinner, eldre, tilsette innanfor leiging, tilsette med låg fysisk belastning i arbeidet og høg grad av kontroll i arbeidssituasjonen (nasjonale tal).

3.2.5 UFØRETRYGDA

Del uføretrygda i aldersgruppa 18 – 44 år ligg under snittet for Hordaland og landet elles. I alder 44 – 66 år ligg Osterøy over Hordaland og under landet elles i tal uføretrygda. Kvinner og menn ligg likt i

tal uføretrygda i 18 – 44 år. I gruppa 44 – 66 år aukar menn til 14,1 % og kvinner til 20,7 %. Dette ligg over Hordaland men under landet elles.

VARIG UFØREPENSJON 18 – 44 år (I prosent)

År	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012	2011-2013	2012-2014
Geografi						
Heile landet	2,4	2,3	2,3	2,4	2,5	2,6
Hordaland	2,2	2,2	2,2	2,2	2,3	2,4
Osterøy	2,3	2,2	2,2	2,3	2,2	2,2

FHI 10.02.2016

VARIG UFØREPENSJON 45 – 66 ÅR (I prosent)

	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012	2011-2013	2012-2014
Geografi						
Heile landet	19	18,7	18,6	18,5	18,4	18,1
Hordaland	15,9	15,9	16,1	16,3	16,2	16
Osterøy	17,2	17,6	17,6	17,6	17,5	17,3

3.2.6 SOSIALHJELPSMOTTAKARAR

Osterøy har lågare del av befolkning mellom 25 – 66 år som tek i mot sosialhjelp enn Hordaland og landet elles, men høgare del av befolkninga mellom 18 – 24 som tek i mot sosialhjelp. For begge grupper er det aukande grad av mottakarar av sosialhjelp, dette er motsett av trenden i Hordaland og landet elles.

SOSIALHJELPSMOTTAKARAR

		2005-2007	2006-2008	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012
Alder							
Heile landet	18-24 år	6,6	5,9	5,7	5,8	5,9	5,8
Hordaland	18-24 år	6,3	5,5	5,1	5,2	5,2	5,1
Osterøy	18-24 år	5,9	4	4,1	4,8	6,6	6,6
Heile landet	25-66 år	3,5	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3
Hordaland	25-66 år	3,6	3,4	3,3	3,3	3,2	3,1
Osterøy	25-66 år	2,6	1,9	2	2,3	3	3

FHI 10.02.2016

3.3 MILJØ

- **NATUR:** Osterøy har enkel tilgang til naturen og mange private aktører og frivillige organisasjoner som er med å oppretthalde, merke og gradere stier i kommunen i samarbeid med lokale grunneigarar. Nytt friluftskart for Osterøy er utarbeida
- **VASSFORSYNING:** Kvalitet på drikkevassforsyninga frå offentlige vassverk er god
- **LAG OG ORGANISASJONAR:** Det er mange lag og organisasjonar på Osterøy. Kvar bygd har sine aktivitetar, men det er og organisasjonar som har heile Osterøy som nedslagsfelt. Osterøy har ingen frisklivssentral og manglar organisert tilbod på lågterskelnivå. Det skal i 2016 tilsetjast frivilligheitskoordinator i kommunen.
- **MØTEPLASSAR:** Det kan bli utfordrande å oppretthalda lokale møteplassar ved sentralisering av ulik type aktivitet. Ungdom har mindre følt einsemd enn Hordaland og landet elles. Dei er og meir nøgd med lokalmiljøet enn Hordaland og landet elles.

3.3.1 NATUR

Osterøy har ein stor ressurs i friluftsområda. Det er til dømes mange frivillige som legg ned mykje arbeid i å merka og rydda stiar i kommunen. Sidan sist oversyn har kommunen, med løyve frå lokale grunneigarar, merka og gradert turstiar fleire stader i kommunen. Osterøy turlag vil i samarbeid med kommunen fortsette dette arbeidet i 2016. Osterøy kommune utarbeida nytt friluftskart i 2015. Lett tilgjengelege friluftsområde er ein stor ressurs for å fremje folkehelse på tvers av sosioøkonomisk status.

3.3.2 VASSFORSYNING

Drikkevasskvalitet frå offentlig vassverk 2014. Når det gjeld tala må ein merke seg at på Osterøy har mange privateigd vassforsyningar frå brønn. Desse blir ikkje kontrollert av offentlege tilsynsmyndigheiter slik som offentlege vassverk blir. Det er under oppføring ny vassforsyning frå Fotlandsvåg til Tysse dette vil gje abonnementar på dette strekket tilgang til offentlig vassforsyning.

Geografi	Parameter	
Heile landet	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	91,6
	hygienisk kvalitet	96,4
	leveringsstabilitet	93,8
Hordaland	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	92,3
	hygienisk kvalitet	96,4
	leveringsstabilitet	93,4
Osterøy	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	98,6
	hygienisk kvalitet	100
	leveringsstabilitet	98,6

3.3.3 FRITIDSORGANISASJONAR

Levekårsundersøkinga syner at vestlandet i 2011 og 2014 ligg på om lag same tal medlemmar i ulike typar organisasjonar som resten av landet. Dette gjeld personar over 16 år. Lokalt viser ungdata undersøkinga frå 2012 – 2014 at 62,5 % av ungdommane er medlem av ein fritidsorganisasjon. Dette ligg noko under tala for Hordaland og landet elles.

Det er ei nasjonal utfordring å behalda ungdommane som aktive medlemmar av lag og organisasjonar etter oppstart på ungdomskule. Ungdataundersøkinga syner at Osterøy kommune ligg litt under Hordaland og landet elles for tal medlemmar i fritidsorganisasjonar.

Tal fritidsorganisasjonar er omlag 80 på Osterøy. Dei fleste større bygder og områdesentra har eigne lag for idrett og kultur, samt helselag og grendaråd/lag. Tidligere var avstand ei utfordring slik at alle bygdene hadde sine eigne lag av ulike former. Dette er i endring og ein ser fleire døme på lag som baserer seg på medlemmar frå heile Osterøy. For dei som er avhengig av buss kan det være utfordrande å nå desse aktivitetane som ikkje ligg i same bygd. Det er difor viktig at bygdene får oppretthalda aktivitet i sine lag slik at terskelen for aktivitet er så låg som mogleg.

Osterøy kommune var i 2014 fasilitator for oppstart av Osterøy turlag som har tilbod til fleire grupper og til dei som ikkje er medlem. Det få organiserte lågterskeltilbod i Osterøy kommune. Kommunen har ikkje frisklivssentral/frisklivstilbod. Det blir tilsett frivilligheitskoordinator i 2016.

MEDLEM I FRITIDSORGANISASJON (I prosent)

År	Heile landet	Hordaland	Osterøy
2012-2014	63,5	63,9	62,5

Ungdata/FHI 10.02.2016

3.3.4 PLAGA AV EINSEMND

Tala er her henta frå ungdata og dei viser tal for ungdommar mellom 13-16 år.

PLAGA AV EINSEMND (I prosent)

	Heile landet	Hordaland	Osterøy
2012-2014	18,1	18	16,8

Ungdata/FHI 10.02.2016

3.3.5 LOKALMILJØ

MØTEPLASSAR

Endring av tenester i bygdene endrar tal møteplassar i bygdene. Døme på tenester kan være skule, barnehage, post og butikk. Bru og ferje gir aukande bruk av omlandskommunar som utferdsstad og møteplass. Dette kan gje utslag for bruk av møteplassar og sosioøkonomisk status vil få auka betydning for inkludering/ekskludering i aktivitet. Ein del naturlege møteplassar, som til dømes

grendahus, er ikkje utforma universelt, dette vil påverke menneske med funksjonshemming sin tilgang til desse møteplassane.

NØGD MED LOKALMILJØET (I prosent)

	Heile landet	Hordaland	Osterøy
2012 - 2014	70,3	72,3	72,2

UNGDATA/FHI 10.02.2016

[SAMFERDSEL](#)

Samferdsel er trekt ut i eige kapittel

3.4 SKULE

SAMANDRAG SKULE

- **TRIVSEL:** Osterøy ligg lågare enn Hordaland og landet elles i trivsel i 7. klasse trinnet og det er gutane som trekk ned statistikken. Over tid syner statistikken auka trivsel for begge kjønn i 7. klasse. I 10. trinn ligg Osterøy nærare landet elles og Hordaland, her syner statistikken og auka trivsel over tid.
- **MOBBING:** Både i 7. trinn og i 10. trinn syner statistikken auka del mobbing på Osterøy. Både i 7. trinn og 10. trinn melder jentene større grad av mobbing enn gutane. Tala er aukande frå 7. trinn til 10 trinn for begge kjønn.
- **LESING:** I 5. trinn syner statistikken at Osterøy har fleire elevar på meistringsnivå 1 og 3 enn Hordaland og landet elles. Statistikken syner framgang sidan 2007/2008 -2009/10 spesielt i meistringsnivå 3. På 8. trinn er det framgong på dei to øverste meistringsnivåa i lesing for Osterøy. På 8 trinn ligg Osterøy over Hordaland og landet elles på nivå 4 og betre enn Hordaland litt under landet elles på nivå 5.
- **REKNING:** I 5. trinn ligg Osterøy med fleire elevar i meistringsnivå 1 og færre elvar i meistringsnivå 3 enn Hordaland og landet elles. Det har ikkje vore store endringar dei fire siste 4 -5 åra. Osterøy ligg under Hordaland og landet elles i 8. trinn i tal elevar på dei to høgaste nivåa i rekning, men det har vore aukande tal elevar på desse nivåa over tid for Osterøy.
- **FRÅFALL I VIDAREGÅANDE SKULE:** Det er fleire som fell frå frå i vidaregåande skule der foreldra sitt utdanningsnivå er lågt, dette gjeld heile landet. Osterøy har spesielt i 2012 – 2014 hatt auke i fråfall og ligg i denne statistikken høgare enn Hordaland og landet elles. Statistikken differensierar ikkje mellom skulane.

3.4.1 TRIVSEL I 7. KLASSE OG 10. KLASSE

Trivsel er eit sentralt mål for folkehelsearbeidet. For barn og unge er skulen ein svært viktig arena. Trivsel på skulen er ein av ei rekke faktorar som påverkar elevane sin motivasjon for å lære, og på denne måten deira evne til å meistre dei utfordringane skulekvardagen gir (Øia 2011). Trivsel kan på lengre sikt ha ei betydning for fråfallet blant elevar i den vidaregåande skulen, der hol i kunnskapsgrunnlaget frå ungdomsskulen er ein viktig medverkande årsak til fråfall. Vidare kan trivsel på skule knyttast til tilfredsheit generelt, spesielt for jenter (Danielsen m.fl. 2009).

Osterøy ligg lågare enn Hordaland og landet elles i trivsel i 7. klasse trinnet og det er gutane som trekk ned statistikken. Over tid syner statistikken auka trivsel for begge kjønn i 7. klasse. I 10 trinn ligg Osterøy nærare landet elles og Hordaland og også her syner statistikken auka trivsel.

Trivsel, 7. og 10. klasse

Skuleår			2006/07- 2010/11	2007/08- 2011/12	2008/09- 2013/14	2009/10- 2014/15
Geografi	Klassetrinn	Kjønn				
BEGGE KJØNN						
Heile landet	7. trinn	kjønn samla	86,2	87,1	88,3	89,5
Hordaland	7. trinn	kjønn samla	85,9	86,3	87	88,2
Osterøy	7. trinn	kjønn samla	82,3	83,4	84,1	85,8
Heile landet	10. trinn	kjønn samla	83	83,6	84,5	85,1
Hordaland	10. trinn	kjønn samla	81,5	82,3	83,6	84,2
Osterøy	10. trinn	kjønn samla	79,7	82,6	83,1	84
Heile landet	7. trinn	gutar	83,6	84,8	86,5	88,2
Hordaland	7. trinn	gutar	81,7	82,7	84,5	86,5
Osterøy	7. trinn	gutar	77,8	78,6	78,7	81,3
Heile landet	10. trinn	gutar	80,6	81,5	83,1	84,5
Hordaland	10. trinn	gutar	78,3	79,6	81,7	82,9
Osterøy	10. trinn	gutar	74,3	78,8	79,7	82,9
Heile landet	7. trinn	jenter	89	89,4	90,1	90,8
Hordaland	7. trinn	jenter	87,9	88,4	89,1	89,6
Osterøy	7. trinn	jenter	87,5	88,4	88,5	90
Heile landet	10. trinn	jenter	85,5	85,8	86	85,9
Hordaland	10. trinn	jenter	84,5	84,9	85	85
Osterøy	10. trinn	jenter	83,3	84,3	87,1	86,5

UNGDATA/FHI 10.02.2016

3.4.2 MOBBING

Mobbing er ein vesentleg individuell risikofaktor for psykiske lidningar (Fosse 2006). Born som blir mobba har opptil sju gongar høgare risiko for psykiske plagar som depresjon, einsemd og rastlausheit, enn born som ikkje vert mobba. Det er vist at kroppslege helseplagar som hovudpine, ryggmerter, «vondt i magen» og svimmelheit er dobbelt så vanleg hjå born som blir mobba. Dess oftare born blir mobba dess større er risikoen for helseplagar (Nordhagen 2005).

Samanhengen mellom mobbing og helseplagar understreker at det er viktig å førebyggja mobbing i skulen. Det er viktig å sjå på statistikk over tid for å sjå på om iverksette tiltak fungerer og for å kunne drive lokalt forbetningsarbeid.

Både i 7. trinn og i 10. trinn syner statistikken auka del mobbing på Osterøy. Både i 7. trinn og 10. trinn melder jentene større grad av mobbing enn gutane. Tala er aukande frå 7. trinn til 10 trinn for begge kjønn.

Mobbing, 7. og 10. klasse

2009/10-2014/15 (5 års gjennomsnitt).

Klassetrinn, 7 og 10. trinn i prosent

Geografi		Kjønn		
Heile landet	7. trinn	kjønn samla		7,1
Hordaland	7. trinn	kjønn samla		7,2
Osterøy	7. trinn	kjønn sama		8,4
Heile landet	10. trinn	kjønn samla		7,2
Hordaland	10. trinn	kjønn samla		7,2
Osterøy	10. trinn	kjønn sama		9,7
Heile landet	7. trinn	gutar		7,6
Hordaland	7. trinn	gutar		7,8
Osterøy	7. trinn	gutar		8,3
Heile landet	10. trinn	gutar		8,4
Hordaland	10. trinn	gutar		8,4
Osterøy	10. trinn	gutar		10,3
Heile landet	7. trinn	jenter		6,6
Hordaland	7. trinn	jenter		6,5
Osterøy	7. trinn	jenter		8,6
Heile landet	10. trinn	jenter		6,1
Hordaland	10. trinn	jenter		5,9
Osterøy	10. trinn	jenter		9,1

FHI/ELEVUNDERSØKINGA 10.02.2016

3.4.3 LESEFERDIGHEIT

Ein av skulens viktigaste oppgåver er å hjelpe elevane til å bli gode i lesing. Det å kunne lese er ein verdi i seg sjølv, for oppleving, engasjement og identifikasjon. Det er og eit naudsynt grunnlag for læring i dei fleste fag (FHI2016).

I 5. trinn syner statistikken at Osterøy har fleire elevar på meistringsnivå 1 og 3 enn Hordaland og landet elles. Statistikken syner framgong sidan 2007/2008 -2009/10 spesielt i meistringsnivå 3. På 8.

trinn er det framgang på dei to øvste meistringsnivåa i lesing for Osterøy. På 8 trinn ligg Osterøy over Hordaland og landet elles på nivå 4 og betre enn Hordaland og litt under landet elles på nivå 5.

LESING - BARNESKULEN 5. TRINN

			2007/08- 2009/10	2008/09- 2010/11	2009/10- 2011/12	2010/11- 2012/13	2011/12- 2013/14	2012/13- 2014/15
NIVÅ 1								
Heile								
landet	5. trinn	meistringsnivå 1	25,9	25,8	25,9	26,2	25,4	24,9
Hordaland	5. trinn	meistringsnivå 1	26,1	26,7	26,9	27,5	26,4	26,1
Osterøy	5. trinn	meistringsnivå 1	37	34,9	31,9	32,8	32,8	29,6
NIVÅ 2								
Heile								
landet	5. trinn	meistringsnivå 2	49,7	48,5	48,3	47,4	49,8	50,6
Hordaland	5. trinn	meistringsnivå 2	49,8	48,8	48,4	47,8	50,7	51,6
Osterøy	5. trinn	meistringsnivå 2	50,2	46,8	46,8	44,6	46,3	51,5
NIVÅ 3								
Heile								
landet	5. trinn	meistringsnivå 3	24,5	25,7	25,8	26,4	24,8	24,5
Hordaland	5. trinn	meistringsnivå 3	24,1	24,6	24,7	24,7	22,8	22,3
Osterøy	5. trinn	meistringsnivå 3	12,8	18,1	21,3	22,6	20,9	18,8

FHI/ ELEVUNDERSØKINGA 10.02.2016

LESING - UNGDOMSSKULEN 8 TRINN

			2007/08- 2009/10	2008/09- 2010/11	2009/10- 2011/12	2010/11- 2012/13	2011/12- 2013/14	2012/13- 2014/15
NIVÅ 1								
Heile								
landet	8. trinn	meistringsnivå 1	7,6	7,5	7,5	7,4	7,2	7,6
Hordaland	8. trinn	meistringsnivå 1	7,8	8,5	8,1	8,4	7,8	8,6
Osterøy	8. trinn	meistringsnivå 1	9	11,1	8,6	10,2	7,2	8,8
NIVÅ 2								
Heile								
landet	8. trinn	meistringsnivå 2	18,9	20,4	20,5	20,7	19,7	19,1
Hordaland	8. trinn	meistringsnivå 2	19,1	21,4	21,5	21,7	20,3	19,9
Osterøy	8. trinn	meistringsnivå 2	26,1	28,9	28,9	27,7	21,3	18,1
NIVÅ 3								
Heile								
landet	8. trinn	meistringsnivå 3	40,2	38,8	38,5	37,8	38,9	40
Hordaland	8. trinn	meistringsnivå 3	39,7	37,8	38,1	37,9	39,8	41
Osterøy	8. trinn	meistringsnivå 3	36,2	33,6	37	36,5	41,2	38,5
NIVÅ 4								
Heile								
landet	8. trinn	meistringsnivå 4	21,7	22,4	21,9	22,5	22,3	22,3

landet								
Hordaland	8. trinn	meistringsnivå 4	22	22,4	21,6	21,8	21,7	21,2
Osterøy	8. trinn	meistringsnivå 4	20,2	19,3	18,1	17,2	20,6	23,5

NIVÅ 5

Heile landet	8. trinn	meistringsnivå 5	11,6	10,8	11,6	11,5	11,8	11
Hordaland	8. trinn	meistringsnivå 5	11,4	10	10,8	10,1	10,4	9,3
Osterøy	8. trinn	meistringsnivå 5	8,8	8	7,3	8,2	9,8	10,8

3.4.4 REKNING

Rekning er ein basisferdigheit som er viktig vidare i utdanningsløpet og i arbeidslivet (FHI 2016)

I 5. trinn ligg Osterøy med fleire elevar i meistringsnivå 1 og færre elvar i meistringsnivå 3 enn Hordaland og landet elles. Det har ikkje vore store endringar dei fire siste 4 -5 åra. Osterøy ligg under Hordaland og landet elles i 8. trinn i tal elevar på dei to høgaste nivåa i rekning, men det har vore aukande tal elevar på desse nivåa over tid for Osterøy.

REKNING – BARNESKULEN 5. TRINN

		2007/08- 2009/10	2008/09- 2010/11	2009/10- 2011/12	2010/11- 2012/13	2011/12- 2013/14	2012/13- 2014/15
NIVÅ 1							
Heile landet	5. trinn	26,9	27,2	27,6	27,7	27,2	25,6
Hordaland	5. trinn	26,1	27,2	28,8	29	28,1	25,9
Osterøy	5. trinn	34,8	36,2	31,5	30,7	30,1	31,4
NIVÅ 2							
Heile landet	5. trinn	47,6	47,3	46,8	46,7	47,7	49,2
Hordaland	5. trinn	48,3	48,1	47,6	47,9	48,5	50,3
Osterøy	5. trinn	50,2	48,4	48,9	49,1	49,5	49,5
NIVÅ 3							
Heile landet	5. trinn	25,4	25,5	25,6	25,6	25,1	25,2
Hordaland	5. trinn	25,6	24,7	23,5	23,1	23,3	23,8
Osterøy	5. trinn	15	16	19,4	20,2	20,3	19,2

REKNING - UNGDOMSSKULEN - 8 TRINN

2007/08- 2008/09- 2009/10- 2010/11- 2011/12- 2012/13-
2009/10 2010/11 2011/12 2012/13 2013/14 2014/15

NIVÅ 1

Heile landet	8. trinn	6,4	6,3	6,3	6,2	6,3	7,6
Hordaland	8. trinn	6,3	6,5	6,6	6,6	6,3	7,9
Osterøy	8. trinn	8,6	10,1	10,1	9,9	7,5	7,3

NIVÅ 2

Heile landet	8. trinn	19,5	20	20	19,9	19,8	21,2
Hordaland	8. trinn	19,6	20,2	20,1	19,8	19,8	22
Osterøy	8. trinn	24,3	24,1	27,4	31,3	25,1	23,4

NIVÅ 3

Heile landet	8. trinn	42,3	41,9	41,7	41,8	41,5	39,4
Hordaland	8. trinn	42,4	42,4	43,1	43,7	42,8	40,3
Osterøy	8. trinn	47,6	44	40,2	35,7	40,9	42,2

NIVÅ 4

Heile landet	8. trinn	20,6	20,5	20,1	20,1	20,4	20,6
Hordaland	8. trinn	21	20,5	19,7	19,5	20,3	19,8
Osterøy	8. trinn	14,8	16,9	16	16,4	17	17,6

NIVÅ 5

Heile landet	8. trinn	11,2	11,3	11,9	12	12	11,2
Hordaland	8. trinn	10,7	10,4	10,6	10,5	10,8	10
Osterøy	8. trinn	4,6	4,7	6,3	6,5	9,9	9,5

3.4.5 FRÅFALL I VIDAREGÅANDE SKULE

Det er på nasjonalt nivå dokumentert samanheng mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Ein antek at personar som ikkje fullfører vidaregåande er vel så utsatt for levekårs- og helseproblem som dei som ikkje har vald å ta meir utdanning etter fullført ungdomsskule.

På kommunenivå er samanhengen mellom utdanningsnivå, arbeidsmarknad og helse meir komplisert. «Risikoåtferd» som er knytt til låg utdanning kan motverkast av lokale forhold som livsstil og haldningar.

På landsnivå er det og ein samanheng mellom foreldra sitt utdanningsnivå og fråfall i vidaregåande skule.

Brukt med varsemnd og i kombinasjon med lokalkunnskap kan indikatorane antyde noe om risikoen for vedvarande levekårs- og helseproblem i en del lokalsamfunn.

Det er fleire som fell frå i vidaregåande skule der foreldra sitt utdanningsnivå er lågt, dette gjeld heile landet. Osterøy har spesielt i 2012 – 2014 hatt auke i fråfall og ligg i denne statistikken høgare enn Hordaland og landet elles. Statistikken differensierer ikkje mellom skulane.

FRÅFALL I VIDAREGÅENDE SKULE PÅ BAKGRUNN AV FORELDRA SITT UTDANNINGSNIVÅ I PROSENT:

År		2008- 2010	2009- 2011	2010- 2012	2011- 2013	2012- 2014
Geografi	Foreldra sitt utdanningsnivå					
Heile landet	Alle utdanningsnivå	26	25	25	24	24
Hordaland	Alle utdanningsnivå	23	23	23	22	22
Osterøy	Alle utdanningsnivå	26	22	23	22	25
Heile landet	Grunnskule	48	49	48	47	46
Hordaland	Grunnskule	45	44	45	45	46
Osterøy	Grunnskule	41	35	34	30	44
Heile landet	Vidaregåande	29	28	28	28	27
Hordaland	Vidaregåande	26	26	26	25	25
Osterøy	Vidaregåande	26	21	21	22	26
Heile landet	Universitet/høgskule	15	15	15	15	15
Hordaland	Universitet/høgskule	13	14	14	15	15
Osterøy	Universitet/høgskule	17	18	20	17	16

3.5 LEVEVANAR

SAMANDRAG LEVEVANAR

- **FYSISK INAKTIVE:** Det finnes ikkje generell statistikk over tal fysisk innaktive. Tal Osterøy har skriv seg frå ungdomsundersøkinga. Den viser at ungdom på Osterøy ligg om lag likt med Hordaland og landet elles.
- **OVERVEKT:** Tal på overvekt skriv seg frå tal frå sesjon. Den syner at spesielt kvinner skil seg ut når det gjeld overvekt inkludert fedme.
- **ALKOHOL OG RUS:** Tal frå ungdomsundersøkinga Osterøy – 2011 syner at dei unge frå Osterøy ikkje skil seg vesenleg ut frå ungdom i resten av landet. Det var i 2011 få som rapporterte at dei hadde nytta narkotiske stoff. I ruspolitisk handlingsplan frå 2013 er det ei oppfatning at det kan ligga utfordringar i rusområdet som ein ikkje har klart å kartleggja.
- **RØYKING:** Statistikk for tal røykarar i første svangerskapskontroll er på veg ned, men tala er fortsatt høgare enn Hordaland og landet elles. Tal for brukarar av snus finnes ikkje.

3.5.1 FYSISK INAKTIVE

Regelmessig fysisk aktivitet i barne- og ungdomsåra er viktig for normal vekst og utvikling. Det verkar positivt på den psykiske helsa, konsentrasjon og læring. Det synes og som om regelmessig fysisk aktivitet i ungdomsåra er viktig for å skape gode vanar for resten av livet.

Fysisk aktivitet er viktig i førebyggjing av ei rekke plagar og sjukdommar som overvekt og fedme, type 2-diabetes, hjerte- og karsjukdommar, muskel- og skjelettplagar og enkelte kreftformer. Overvekt og fedme er i ferd med å bli eit stort helseproblem i de fleste land, dette gjeld og i Noreg. Erfaring syner at det for dei fleste er vanskeleg å oppnå varig vektreduksjon når ein først er blitt overvektig.

